Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

| | |
|---|---|
| Emnenr. 29. | Fylke: Sogn & Fjordane |
| Tilleggsspørsmålnr. | Herad: Fjaler. |
| Emne: Jolenissen. | Bygdelag: Guddal. |
| Oppskr. av: Sigvard Sørebø, | Gard: Sørebø |
| (adresse): Dale i Sunnfjord. | G.nr. 121 Br.nr. 3. |

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Jolenissen.

Jolenissar som skifter ut gåver høyrer siste ættleden til. I heimane er det elles sjeldan at nokon kleder seg ut som nisse. Men i dei seinste åri har det vorte vanleg på joletrefestar. Då kjem nissen trippande med sekk på ryggen og skifter ut eple og appelsiner. Serleg er dette vorte vanleg på barnefestar.
Jolenissen har smått um senn vorte kjend frå bilete, serleg jolekort og jolehefte.

2. På joletrefestane vert det gjerne gjort litt stas på fyren. Har ein god mat for hand, får han som oftast ein bite upp i neven.

3. Det er alltid ein liten kar som kleder seg ut som nisse.

4. Nissen har allstøtt maske for andletet. Helst brukar han kjøpemaske. Men vantar ein det, lagar ein maske. Og kvitt skjegg og raud toppluve må ferdafusen ha.

5. Som oftast er det utstyret laga heime.

7248

Men maska vil ein helst ha kjøpevare.

6. Å gå julebukk er ein udgamal skikk i Gudbal. Maske for andletet er det vanleg med, men det treng ikkje vera kjøpemaske. Det gjeld berre um at ein er ukjennelig.

7. Nei, julebukkane skifter ikkje ut gåver. Men dei tek imot gåver. Når dei kjem på gjesting, må dei i alle høve få litt juleknask.

8. Nei, ingen no til dags set julenissen eller julebukkane i samband med den gamle nissen i fjøset og på låven. Men når dei gamle søg fyren „avsjeldra", hadde dei ei levande kjensle av at her hadde me karen „avtekjin."

9. At julenissane beint fram kom med gåver, har eg aldri høyrt gjete i Gudbal. Men ein måtte stella dei vel, utan var dei framme med peki sine.

— " — — " — — " —

Kva julenissane åt og korleis ein måtte stella dei, bør verta ei serskild uppgåve.

— " — — " — — " —

7248